

Referat møte nr. 03/17
Styringsgruppa for Førdepakken

Møtedato: 25.oktober 2017 kl 12:00 – 13:30

Stad: Video Førde/Leikanger

Møteleiar: Svenn Finden

Referent: Eli Marita Vik Næss

Til stades: Ole John Østenstad (OJØ), Svenn Finden (SF), Arve Seger (AS), Oddvar Flæte (OF), Erling Varlid (EV), Eli M. Næss (EMN)

Forfall: Tore Eriksen (TE)

Kopi til: Alle som var innkalla.

Sakshandsamar/innvalsnr:

Eli Marita Vik Næss – 951 91 805

Vår dato: 25.10.2017

Vår referanse:

Sak nr		Ansvar / frist
9/2017	<p><u>Referat frå siste møtet (16. juni 2017)</u> Ingen merknader</p> <p><u>Gjennomgang av oppfølgingssaker</u> - 7/2017 <i>Finansieringsplan for Førdepakken blir sendt til styringsgruppa når handlingsprogrammet (HP) er offentleg</i> Status: Vart sendt på e-post 20.oktober.</p>	
10/2017	Presentasjon av prosjektleiar Ny prosjektleiar Erling Varlid.	
11/2017	<p><u>Orientering frå prosjektleiar, jf. statusrapport av 19.10.2017 vedlagt saklista</u></p> <p>Erling gjekk gjennom utsendt statusrapport.</p> <p><i>Tiltak 1: Angedalsvegen – Hafstadvegen</i> Erling gjekk gjennom forprosjektet.</p> <p>Tilrådinga i forprosjektet vert lagt fram som eit planfagleg råd til planutvalet i Førde. Statens vegvesen/fylkesmann og NVE blir kalla inn.</p> <p>Media blir orientert i morgon. Må og orientere om korleis vi vil handsame forprosjektet vidare. Det er eit førebels forprosjekt som kan bli endra.</p>	EV



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

Sak nr		Ansvar / frist
	<p>Det bør greiast ut kva som må til for å byggje alternativ 3 utan fylling. Bør og vurdere alternative brutype for alternativ 1 og 2. Dette bør vere på plass før møtet i planutvalet.</p> <p>Forprosjektet bli sendt formelt til Førde kommune i neste veke.</p> <p>Møtet i planutvalet vert halde om ein månads tid.</p> <p><i>Tiltak 2 Fv. 484 Vievegen</i> Statens vegvesen v/Førdepakken må søkje Riksantikvaren om dispensasjon.</p> <p><i>Tiltak 3 og 4 E39 Hafstadflata</i> Ønskjer samanslåing av tiltak 3, 4 og 10. Dette er ført opp seom ei eiga sak 13/2017 i dette møtet. Entreprenør vil truleg klare seg med ein rigg. Det gir innsparing. Tiltak 10: Lite å lyse ut i eigen kontrakt. Meir attraktivt for entreprenørane med ein større kontrakt noko som kan gje ein gevinst. Ulemper: Må utsette tiltak 3 og 4 i 3-4 månader i påvente av prosjektering av tiltak 10. Komplisert å legge statleg veg og kommunal veg i ein kontrakt pga. ulike finansieringskilder, men det let seg løyse.</p> <p>Styringsgruppa går inn for at det vert felles utlysning av desse tre tiltaka.</p> <p><i>Tiltak 5 Bergumkrysset</i> Ingen merknader</p> <p><i>Tiltak 6 og 7 Askvollkrysset - Steinavegen</i> Ingen merknader</p> <p><i>Tiltak 8 Gangbru</i> Ingen merknade</p> <p><i>Tiltak 9 Storehagen</i> Ingen merknad</p> <p><i>Tiltak 10 GS-veg Hafstad – Brulandsvellene</i> Sjå under tiltak 3 og 4.</p> <p><i>Tiltak 11 Gang- og sykkelveg Hafstad - Brulandsvellene</i> Må henge saman med reguleringsplanen for tiltak 1</p> <p><i>Tiltak 12 Indre Øyrane – Langebruvegen</i></p>	EV



Sak nr		Ansvar / frist
	<p>Førde kommune satsar på handsaming av reguleringsplanen i novembermøtet, men kan bli utsett til desembermøtet.</p> <p><i>Tiltak 13 E39 Gang- og sykkelveg Halbrend skule - Hogane</i> Ingen merknader</p> <p><i>Tiltak 14 Fjellvegen/Hafstadvegen</i> Førde kommune vil ha eit fagleg råd på kor gang- og sykkelvegen skal gå, lags E39 eller gjennom sentrum, før dei gir tilbakemelding på det.</p> <p><i>Tiltak 15/19 Angedalsvegen – Slåtten skule</i> Ole Jon innhabil. Må vurdere å dele i to reguleringsplanar slik at setterrådmann kan ta den eine planen. Administrasjonen i Førde kommune kan jobbe under setterrådmann. Førde kommune vil vurdere dette.</p> <p><i>Tiltak 17 Klettatunnelen</i> Ser i samanheng med tiltak 12.</p> <p><i>Koordinering mot Førdefjorden Energi (FFE)</i> Tiltak 16 og 10. Entreprenørane misnøgde med at vi ikkje har lyst ut arbeidet.</p> <p><i>Bemanning</i> Byggjeleiar/kontrollingeniør – vonar å få desse på plass før jul.</p> <p><i>Økonomi</i> Budsjett – avvik i forhold til prognose. Prosjektleiar ser på dette.</p> <p><i>HMS</i> Ikkje naudsynt å leggje fram statistikk for styringsgruppa.</p>	OJØ
12/2017	<p><u>Generell drøfting av organsiering, roller og mandat mellom aktørane i Førdepakken</u></p> <p>Mandat styringsgruppa: Erling gjekk gjennom mandatet for styringsgruppa som vart vedteke av Fylkesutvalet i møte 02.04.2014 som sak 27/14.</p> <p>Førde kommune og fylkeskommunen er ansvarleg for å få naudsynt avklaring i eigen organisasjon ved vesentlege endringar i prioriteringar, finansiering og gjennomføring. Referat frå styringsmøta vert lagt fram for formannskapet i Førde kommune. Det same skjer mot fylkesutvalet for fylkeskommunen sin del.</p> <p>Organisasjonsplan for Førdepakken vart gjennomgått.</p>	

Sak nr		Ansvar / frist
	<p>Førdepakken Bomselskap AS – arbeider med å overføre aksjane til det eit nytt regional bompengeselskap for sørvestlandet. Dette selskapet dekkjer Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane og er eigd av fylkeskommunane. SVV vil då rekvirere midlar frå det nye selskapet.</p>	
	<p>Møtereferata frå styringsgruppemøta er offentlege for dei som krev innsyn. Møta er også å ansjå som offentlege.</p>	
13/2017	<p><u>Samanslåing av tiltak 3, 4 og 10 i utførelsesfase</u></p> <p>Vart handsama under sak 11/2017, tiltak 3 og 4.</p>	
14/2017	<p><u>Nærare orientering om tiltak 1 Bru over Jølstra</u></p> <p>Vart gjeve under sak 11/2017 Tiltak 1</p> <p><u>Ymse</u></p> <p>- Neste møte: Onsdag 28. februar</p>	EMN



Oppfølgingssaker styringsgruppe Førdepakken

Sak.nr	Omtale	Ansvarleg	Frist
11/2017	Tiltak 1: Media blir orientert i morgon. Må og orientere om korleis vi vil handsame forprosjektet vidare. Det er eit førebels forprosjekt som kan bli endra.	EV	26. oktober 2017
11/2017	Det bør greiast ut kva som må til for å byggje alternativ 3 utan fylling. Bør og vurdere alternative brutype for alternativ 1 og 2. Dette bør vere på plass før møtet i planutvalet.	EV	Innan 2 veker
11/2017	Tiltak 15/19 Angedalsvegen – Slåtten skule: ØJØ innhabil. Må vurdere å dele i to reguleringsplanar slik at setterrådmann kan ta den eine planen. Administrasjonen i Førde kommune kan jobbe under setterrådmann. Førde kommune vil vurdere dette.	ØJØ	



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen